

Konfrontasjon eller dialog?

Det som har blitt eit felles fokus for det kristen-muslimske samarbeidet i Norge, er vernet av det sårbare individet.

Oddbjørn Leirvik
Professor, Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo

Trykt i *Vårt Land* 15. august 2011

Då terroren ramma, var eg i Ålesund, heimbyen til Breiviks ideologiske inspirator Fjordman. Før nokon visste kva som var i ferd med å skje, vart følgjande ordveksling overhøyrpt på butikken: ”Dei har visst sprengt ei bombe i regjeringskvartalet!” Ei eldre kvinne kommenterer: ”Ja, då er det vel dei j.... muslimane igjen! Dei skulle vore skotne kvar einaste ein!”

Seinare fekk eg vere med på minnemarkeringa i Ålesund, der 15 000 tok til gatene i solidarisk sorg over alle dei (kristne, muslimar og humanetikarar) som faktisk vart skotne, eller vart bombeoffer.

Eit todelt bilete frå 1990

Forholdet mellom kristne og muslimar i Norge er like komplekst som biletet av Ålesund. Konfrontasjon bryt med dialog, hatefull tale med solidaritet. Lat oss gå vel tjue år tilbake. 1990 var året då Rolv Wesenlund på Sjømannsmisjonen sitt årsmøte mana til åndskamp mot islam, som ”slett ikke er noen tolerant religion”. Slik artikulerte han det nye fiendebiletet av islam som var i ferd med å feste seg i Vesten etter kommunismens fall. Det same året gjekk dåverande biskop Bjørn Bue på gjesting i den største norsk-pakistanske moskeen i Oslo, der han vart hjarteleg mottatt av imam Chishti. Her var det ingen åndskamp men respektfull samtale. Av avisreferata går det fram at dei to karane også fann kvarandre i ei felles hjartesak og dei avslutta møtet med å løfte sine tekus og skåle saman for fråhaldssaka.

Det todelte biletet frå 1990 illustrerer den sterke spenninga mellom konfrontasjon og dialog som sidan har prega forholdet mellom kristne, muslimar og meir sekulære borgarar.

Dialogrørsla

Dei siste tjue åra har det vakse fram ein tillitsbyggande dialog mellom kristne og muslimske leiarar i Norge, med Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd som det fremste forumet (frå 1993). Siktemålet har vore å etablere eit felles etisk engasjement som kan demme opp for dei konfronterande og potensielt valdelege kreftene som vi finn både i kristne og muslimske kulturar. Det som etter kvart har utkrystallisert seg som ei felles forplikting i det kristen-muslimske samarbeidet i Norge, er å forsvare minoritetane mot overgrep frå majoriteten. Det byrja med at vi som kristne måtte lytte oss inn på muslimane sine minoritetsbekymringar (for eksempel i forhold til det kristendomsdominerte KRL-faget) og deira tiltakande oppleving av å bli framstilt som samfunnsfiendar. Men heilt frå starten vart også muslimane utfordra til å ta inn over seg kristne sine minoritetsbekymringar, ikkje her i Norge men for eksempel i Pakistan der dei kristne sin situasjon har blitt stadig forverra. Alt i 1995 fekk Kontaktgruppa ei vanskeleg sak på bordet, då det viste seg at eit par norske imamar støtta dødsdommane som nyleg var avsagt mot tre kristne som under Pakistan sin drakoniske blasfemiparagraf var klaga for å ha spotta Profeten. Islamsk Råd gjekk langt i retning av å ta avstand frå dødsdommane men dei var ikkje på det tidspunktet så klare i sin tale som vi skulle ha ønskt på kyrkjeleg side.

Ti år seinare sende Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet ein kristen-muslimsk delegasjon til Pakistan, for å få førstehandsinntrykk av dei religiøse minoritetane sin situasjon. I motsetnad til den vanskelege samtalen ti år tidlegare, kjende vi at vi reiste til Pakistan med ein felles, menneskerettleg dagsorden som også vart opplevd å spegle norske fellesverdier. Når vi utfordra konservative muslimske leiarar på blasfemiparagrafen, gjorde det ingen forskjell kven som førte ordet. Vi stod saman i ønsket om å verne utsette minoritetar mot overgrep, slik det seinare har kome til uttrykk i fellesfråsegner frå Kontaktgruppa med overskrifter som ”Stopp volden mot kristne i Pakistan” (2009).

Noko hadde openbert endra seg gjennom ti-femten års tillitsbyggande religionsdialog. Slik eg har opplevd det, har religiøse (og humanistiske) leiarar i Norge utvikla eit felles engasjement for det sårbare mennesket. Engasjementet gjeld ikkje berre utsette grupper, men også enkeltmenneske som kan bli utsett for overgrep frå si *eiga* religiøse gruppe. I 2007, etter langt og grundig førebuingsarbeid, vedtok den kristen-muslimske Kontaktgruppa ei felles fråsegn om retten til å skifte religion, utan å bli møtt med noka form for straffetiltak frå familie eller trusfellesskap. I 2009 publiserte Kontaktgruppa nok ei fellesfråsegn, denne gongen om vald i nære relasjonar, i kritisk medvit om at dei kulturelle og religiøse tradisjonane våre kan misbrukast til å halde barn og kvinner nede med trugsmål om vald.

Det som har blitt eit felles fokus for det kristen-muslimske samarbeidet i Norge er nettopp vernet av det sårbare individet. Og det er ikkje berre i religiøse samanhengar at eit felles, humanistisk verdiengasjement har fått utvikle seg. Ikkje minst i AUF og dei andre politiske ungdomsorganisasjonane, ser vi i dag at unge på tvers av tru og livssyn står saman om sentrale solidaritetsverdier.

Motkreftene

Men ikkje alle er like glade for den veksande dialogrørsla i Norge, som også styresmaktene i stigande grad støttar opp om. Heilt frå karikaturstriden (som i Norge, kanskje på grunn av den tillitsbyggande religionsdialogen, vart løyst på ein langt meir forsonleg måte enn i Danmark) har ein av VG sine avisteiknarar regelmessig utstyrt Jonas Gahr Støre med spottande snakkebobler der det står ”dialog, dialog”. Tanken bak er at dialog er ei harmoniserande kommunikasjonsform som legg band på kritiske ytringar og hindrar den konfronterande debatten i samfunnet.

Men dei som karakteriserer religionsdialogen som harmoniserande, tar feil. Den norske religionsdialogen har ikkje vore konfliktsky men adressert høgst sensitive spørsmål – i ein atmosfære av tillit. Likevel finst det motkrefter til religionsdialogen. I politisk samheng er det særleg eitt parti som har vore faneførar for den mistenkeleggjerande omtalen av muslimane. Her går det ei linje frå valkampen i 1987 då Carl I. Hagen vifta med det falske ”Mustafa-brevet” som forklarte korleis Norge skulle gjerast til eit muslimsk land, til valkampen i 1997 då Vidar Kleppe appellerte til kristne om å støtte FrP for å hindre muslimane i å ta over landet. Då Hagen sju år etter står på talarstolen i Levende Ord i Bergen, brukar han for første gong vendinga ”vi kristne” når han set den fredssæle Jesus opp mot den krigerske Muhammad. I 2009 følgjer Siv Jensen opp med sitt utspel om ”snikislamisering” som får norske muslimar til å kjenne seg kollektivt mistenkeleggjort – som pådrivarar for ei statsstøtta islamisering av Norge.

Parallelt med Hagen og Jensen sine utfall mot muslimane har vi på det folkelege planet sett framveksten av ein stadig meir hatsk debatt i nettavisene, samtidig som konspirasjonsteoriar om muslimsk kolonisering av Europa florerer i anti-islamske bloggar. I kristen samheng har bøkene til Mark Gabriel, utgitt på norsk av Ungdom i Oppdrag, selt i store opplag med sine karakteristikkar av islam som ein valdeleg religion og av muslimane som upålitelege. Hans bok ”Islam og terrorisme” vart i 2004 løfta fram av Carl I. Hagen i ein fjernsynsdebatt, som eksempel på truverdig informasjon om islam.

Men vi har også sett at kyrkjeleiarane regelmessig har gått ut med opne protestar mot den høgrepopulistiske muslimhetsen. I 1997 vart det formulert eit tverrkyrkjeleg hyrdebrev som åtvvara mot framandfrykt hos kristne. Etter Hagens tale i 2004 stod Aril Edvardsen og Åge Åleskjær saman med kyrkjeleiinga og misjonsorganisasjonane og åtvvara mot ”islamofobi og muslimhets”.

Eit like komplekst bilete finn vi på muslimsk side. Sterke uttrykk for identifikasjon med norske og menneskerettslege verdiar hos unge muslimar bryt med radikale røyster som hevdar at Norge fører eit korstog mot islam, slik Larvik-mannen Mohyeldeen Mohammed uttrykte det i sin appell under karikaturdemonstrasjonen i 2010.

Sjølvransakande dialog

Muslimane hadde lenge sin Osama bin Laden. No har kristne fått sin Anders Behring Breivik. Det beste ein kan håpe på, er at den valden som er utført i den eigne religionen sitt namn hevar terskelen hos folk flest for mistenkeleggjerande og hatefull omtale av den andre – og opnar for ein enda meir sjølvransakande dialog.

LITTERATUR/KJELDER

Oddbjørn Leirvik: *Islam og kristendom. Konflikt eller dialog?* (Pax 2006)

Oddbjørn Leirvik: *Religionspluralisme. Mangfald, konflikt og dialog i Norge* (Pax 2010)

Kontaktgruppa si heimeside: <http://folk.uio.no/leirvik/Kontaktgruppa.htm>

Nettside om kristen-muslimsk dialog: <http://folk.uio.no/leirvik/krismusdialog.html>